

# BACHELOROPPGÅVE

«Dei vaksne seier at eg ikkje får klatre  
høgare»

“The adults say I can’t climb any higher”

**Aina Sofie Bakke**  
**Kandidatnummer: 224**

Barnehagelærarutdanning, BLU3-1006  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett,  
avdeling Sogndal  
Rettleiar: Kjersti Johannessen  
07.01.19

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## Føreord

Denne oppgåva er ein del av mitt tredje år på barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Fyrst vil eg takke informantane som deltok i undersøkinga. Eg vil òg takke informantane som deltok på pilotstudien som gav meg tilbakemeldingar og tips til intervjuguiden. Vidare vil eg rette ein stor takk til min rettleiar, Kjersti Johannessen. Ho har hjelpt meg gjennom oppgåva med rettleiing, litteraturtips og motivasjon. Andre eg vil takke er dei som har lest gjennom oppgåva og hjelpt meg med korrekturlesing og kome med råd.

Arbeidet med bacheloroppgåva har vore spennande og lærerikt. Eg har heller ikkje møtt på noko store utfordringar.

## **Samandrag**

Føremålet med denne oppgåva var å finne ut kva haldningar og kunnskap barnehagelærarar har til risikofylt leik og korleis dette påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik. For å undersøke dette gjennomførte eg kvalitative intervju på fire barnehagelærarar frå tre forskjellige barnehagar. Resultata mine viser at barnehagelærarane har nokså god kunnskap om kva risikofylt leik er og kvifor det er viktig å drive med det. Dei uttrykker òg tilsynelatande positive haldningar knytt til risikofylt leik, men det varierer noko ut i frå kva type risikofylt leik det er. Funna mine viser òg at positive haldningar og god kunnskap hjå personalet i barnehagen har positiv påverknad på barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik.

## **Abstract**

The purpose of this study was to find out some kindergarten teachers' attitudes towards and knowledge about risky play. I also wanted to find out if the attitude and the knowledge of the kindergarten teachers affects the children's ability to do risky play. Qualitative interviews were used to find out more about this. I interviewed four kindergarten teachers from three different kindergartens. My results show that kindergarten teachers have knowledge of what risky play is and why it is important to let the children do risky play. Apparently, they express positive attitudes related to risky play. Depending on the type of risky play, they do express some variation in their attitude. My results also show that positive attitude and the knowledge of the staff in the kindergarten increase the children's ability to engage in risky play.

# Innhold

1	Innleiing .....	4
1.1	Problemstilling.....	4
2	Teori.....	4
2.1	Risikofylt leik.....	4
2.2	Kvifor er risikofylt leik viktig for barn? .....	6
2.3	Sikkerheit.....	7
2.4	Haldningar til risikofylt leik.....	8
3	Metode .....	9
3.1	Intervju .....	10
3.2	Val av informantar.....	10
3.3	Pilotstudie.....	11
3.4	Etiske vurderingar.....	11
4	Empiri .....	11
4.1	Omgrepet risikofylt leik .....	11
4.2	Kvifor er risikofylt leik viktig for barna? .....	12
4.3	Sikkerheit.....	12
4.4	Barnehagelærarar sine haldningar til og påverknad på barn sin risikofylte leik.....	12
5	Drøfting.....	15
5.1	Omgrepet risikofylt leik .....	15
5.2	Kvifor er risikofylt leik viktig for barn? .....	15
5.3	Sikkerheit.....	17
5.4	Barnehagelærarar sine haldningar til og påverknad på barn sin risikofylte leik .....	18
6	Avslutning .....	21
7	Referanseliste/Litteraturliste .....	22
Vedlegg .....	25	
Vedlegg 1: Informasjonsskriv .....	25	
Vedlegg 2: Intervjuguide .....	26	

## **1 Innleiing**

Leik er ein stor og viktig del av barnehagekvardagen. Rammeplan for barnehagen seier at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Leiken sin eigenverdi skal anerkjennast, samstundes som leiken skal vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling (KD, 2017.). Leik kan delast i mange kategoriar, og ein kategori er risikofylt leik. Også denne forma for leik skal ein legge til rette for i barnehagen. Rammeplan for barnehagen (KD, 2017, s.31) skriv under fagområdet kropp, rørsle, mat og helse at barnehagen skal bidra til at barna «opplever å vurdere og mestre risikofylt lek gjennom kroppslike utfordringer». Vidare står det at personalet skal «gi barna tilgang til varierte og utfordrende bevegelsesmiljøer, sanseopplevelser og kroppslike lek ute og inne, i og utenfor barnehageområdet».

Tilsette i barnehagen har ansvar for å legge til rette for risikofylt leik i barnehagen, uavhengig av om dette er noko ein brenn for sjølv eller ikkje. Forsking viser at norske barnehagar legg godt til rette for denne type leik (Sandseter, 2009), og at personalet har positive haldningar til risikofylt leik (Sandseter, 2007b). På same tid innrømmer ein del at dei kan gjere avgrensingar fordi dei sjølv vert bekymra eller er redde for kva utfallet kan bli (Sandseter, 2007b). Eg har noko erfaringar med at det er gode haldningar blant personalet knytt til risikofylt leik, men eg har kanskje fleire erfaringar med det motsette. Eg har erfart fleire gonger at personalet synest denne type leik er farleg og at dei hindrar barn i å drive med risikofylt leik. At eg har fleire negative erfaringar enn positive synest eg er interessant og har gjort meg nysgjerrig på kva haldningar og kunnskap knytt til risikofylt leik som faktisk er ute i barnehagane.

### **1.1 Problemstilling**

På bakgrunn av innleiinga har eg valt denne problemstillinga:

*Kva kunnskap og haldningar har barnehagelærarar til risikofylt leik, og korleis påverkar dette barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik?*

## **2 Teori**

### **2.1 Risikofylt leik**

Leik er eit vidt omgrep som er vanskeleg å gi ein klar definisjon på. Det finst likevel ein del kjenneteikn på kva leik er. Skram (2016) trekk fram at leik er ei frivillig handling som er motivert frå barnet sitt indre. Leiken spring ut frå barnet si eiga lyst til å leike. Det er barnet sjølv som veit om det leikar eller ikkje, då det er dei som lagar rammene for kva som er leik og ikkje (Olafsson, 1993). Olafsson (1993) trekk fram det å «late som», som kanskje det viktigaste kjenneteiknet på at barn leikar. Når dei har skjønt at dei latar som, har dei òg skjønt at dei leikar.

Ein kan dele leik inn i fleire forskjellige kategoriar. Osnes, Skaug og Kaarby (2015) deler leik inn i blant anna rollelek, konstruksjonslek, tradisjonell leik og kroppsleg leik. Forfattarar og teoretikarar kan òg bruke ulike namn på kategoriar som er nokså like. Eide-Midtsand (2015) brukar ordet boltreleik om fysisk leik som samstundes er sosial, og som inneber spenning og risiko. Sandseter (2007a) brukar risikofylt leik om ein kategori som er nokså lik Eide-Midtsand si forståing av boltreleik. I denne oppgåva kjem eg til å bruke ordet risikofylte leik, og skal difor definere kva som ligg i denne kategorien.

Ellen Beate Hansen Sandseter (2007a) deler risikofylt leik inn i seks kategoriar. Desse seks kategoriane er: 1) Leik i store høgder. Dette inneber at ein kan ramle ned frå større høgder, som å klatre, hoppe ned frå store høgder, henge og dingle frå større høgder og balansere i høgder. 2) Leik med stor fart. Denne kategorien handlar om å bevege seg i stor fart der ein risikerer å treffe noko eller nokon, eller at ein ramlar av eit leiketøy som til dømes ein sykkel. Andre aktivitetar kan vere å springe ukontrollert, skli, ake på vinteren eller å huske. 3) Leik med farleg reiskap. Det kan vere kniv, hammar, sag og øks; reiskap som utgjer ein risiko for at ein kan skade seg. 4) Leik nær farlege element. Døme på dette kan vere å leike på kanten av ei klippe, i nærleiken av eit bål eller i nærleiken av vatn. Det handlar om at barna kan ramle i eller inni noko. 5) Leik som inneber kamp og/eller slåsting, som til dømes fekting med pinnar, bryting, slåsting og liknande. Det inneber ein risiko for at barna kan skade kvarandre. 6) Leik der barna kan forsvinne eller gå seg vekk. Det er leik der barna får lov til å gå på oppdagingsferd eller får utforske eit område på eiga hand, i ein skog eller ein plass der det ikkje er gjerder. Denne kategorien opplever ikkje nødvendigvis dei vaksne som risikofylt då dei føler at dei har kontroll, men barna sjølv opplever det som risikofylt då dei føler at dei er på oppdagingsferd på eige ansvar (Sandseter, 2007a).

Ut frå desse seks kategoriane kan ein sjå at risikoen for å skade seg går att i omtrent alle kategoriane. Osnes m.fl. (2015) skildrar det å ta risiko i leik som nettopp dette, at det er ein fare for at barnet kan skade seg. Stephenson (2003) har undersøkt kva fireåringar ser på som risikofylt, og fann ut at det å gjere noko dei aldri har gjort før vert sett på som risikofylt. Det handlar om å vere på kanten av kva ein meistrar og kva ein ikkje meistrar, og å kome over ei frykt ein har. Det kan vere at barna har så høg fart på eit akebrett slik at dei nesten mistar kontrollen, eller det kan vere at dei er redd for høgder og går eit steg lenger enn dei er komfortable med.

Dei yngste barna i barnehagen driv òg med risikofylt leik. Forsking viser at ein kan legge til to kategoriar for barna under tre år; leik som inneber samanstøyt og overført risiko (Kleppe, Meluish & Sandseter, 2017). Den fyrste kategorien kan til dømes vere eit barn som spring og krasjar inn i ei madrass berre fordi det er moro. Den andre handlar om at yngre barn ser på dei eldre barna drive

med risikofylt leik, og dermed kjenner på spenninga eller frykta sjølv. Mine eigne erfaringar med negative haldningar til risikofylt leik er knytt til dei eldste barna i barnehagen. Difor har eg avgrensa oppgåva til dei eldste barna, og kjem ikkje til å ha fokus på dei to siste kategoriane.

## **2.2 Kvifor er risikofylt leik viktig for barn?**

Det er anbefalt at barn skal vere fysisk aktive 60 minutt kvar dag (Helsedirektoratet, 2019). Barn i barnehagen oppheld seg store delar av si vakne tid i barnehagen, og av den grunn er det viktig at ein legg til rette for at dei får dekka anbefalinga gjennom barnehagekvardagen. Fysisk aktivitet vert definert som «enhver kroppslig bevegelse som resulterer i en vesentlig økning i energiforbruket utover hvilenvå» (Sosial- og helsedepartementet, 2002, s.7). Mykje av den risikofylt leiken ligg innanfor denne definisjonen, og kan dermed vere med på heve den fysiske aktiviteten i barnehagen.

Riskofylt leik er viktig for barnet si utvikling, både fysisk, psykisk og sosialt. Utvikling av motoriske ferdigheiter er ein effekt av å drive med risikofylt leik. Studiar viser at leik i naturområder gir betre motorisk utvikling hjå barna enn leik som ikkje går føre seg i naturområder (Lysklett, 2013). Som ein kan sjå ut i frå Sandseter (2007a) sine kategoriar innanfor risikofylt leik, går risikofylt leik i hovudsak føre seg ute, og i mange tilfelle ute i naturen. Gjennom risikofylt leik får barna moglegheit til å bruke kroppen på ein svært allsidig måte (Eide-Midtsand, 2015). Barn får betre hurtigheit, smidigkeit, balanse, fleksibilitet, kroppssamansetning, lunge- og hjartekapasitet, muskelstyrke og uthald.

Riskofylt leik er òg med på å betre romorienteringa (Eide-Midtsand, 2015). Alt dette fører til at barna kan bevege seg på ein meir hensiktsmessig måte. Det fører òg til betre risikomeistring (Sandseter, 2018).

Riskomeistring handlar om at barna opparbeider seg betre motorisk kontroll, reaksjonsevne, fysisk styrke og blir betre på romorientering (Sandseter, 2018). Gjennom erfaring med risikofylt leik vil barna kjenne seg sjølv så godt at dei kjenner sine eigne moglegheiter og avgrensingar (Osnes m.fl., 2015). Som Sandseter (2018, s.60) seier: «[...] barna blir meir robuste og handlingsdyktige». Barna vil òg stå sterkare rusta til å møte utfordringar seinare i livet (Breivik, 2001 & Sandseter, 2013).

Gjennom risikofylt leik møter og meistrar barn nye utfordringar og testar sine eigne grenser. I barnehagen kan ein sørge for at den risikofylt leiken går føre seg innanfor relativt trygge rammer. Dette gir barna moglegheita til å teste grensene og utfordre seg i trygge rammer før dei eventuelt møter risikofylte situasjonar utanfor dei trygge rammene seinare i livet. Både Bjørgen (2015) og Sandseter (2018) viser til Csikszentmihalyi sin flytsonemodell for å skildre den ideelle sona for læring og meistring. Dersom barna er i flytsona, får dei passe utfordringar i forhold til ferdigheiter. Utfordringane er ikkje for store, men heller ikkje for små og dei vil føle meistring. Trivselen vil òg vere høgst innanfor flytsona (Bjørgen, 2015). Sandseter (2018) tek i tillegg opp Vygostsky si proksimale

sone for utvikling, for å skildre meistring og korleis barn nærmar seg risiko. Den er nokså lik flytsonemodellen, og handlar om at barn søker mot utfordringar som ligg litt over kva dei veit at dei klarer, men som framleis er innanfor kva dei potensielt kan mestre (Sandseter, 2018).

Sandseter (2013) peikar òg på at risikofylt leik er positivt for den sosiale utviklinga. Gjennom denne type leik samarbeider barn om å nå eit mål og korleis ein skal løyse vanskelege oppgåver best mogleg, anten det er å kome seg opp i treet eller å kome seg fortast mogleg ned bakken på akebrett. Det kan òg vere at dei står saman på ei huske og må samarbeide for å få størst mogleg fart i ei ynskja retning. I leik som inneber kamp eller slåsting må barna lære seg å tolke sosiale signal frå andre barn og korleis ein skal bruke desse (Sandseter, 2013). Gjennom slik leik vil barna òg lære og takle sin eigen aggressjon og forstå barn på same alder sin aggressjon. Det viser seg å vere viktig for å takle sin eigen aggressjon når dei blir eldre òg (Sandseter, 2013).

Som menneske har vi nokre medfødde redslar. Det kan vere redsel for høgde, vatn og separasjon. Ved å drive med risikofylt leik, kan desse redslane verte mindre ved at ein steg for steg lærer seg å meistre redselen innanfor trygge rammer (Sandseter, 2013). Innanfor risikofylt leik, kan det vere at dei får leike i høgder, leike nær farlege element og gå på oppdagingsferd. Dersom ein ikkje får utfordra seg på dette når ein er små slik at ein ikkje lenger er redd for dette, kan det føre til angst. Ved at ein lærer å meistre fryktene ein har, har ein heller ikkje noko grunn til å vere redd.

Bjørgen (2015) har forska på barn i alderen tre til fem år sin trivsel og kor involvert dei er i fysisk aktiv leik i utetida i barnehagen. Forskinga viser at det er ein samanheng mellom trivsel, kva type aktivitet barn driv med og kor involvert dei er i leiken. Den leiken som gir høgst trivsel er den leiken som er utfordrande, variert, som gir sjølvstende og som skaper kontakt med andre. Dette kan altså knytast til risikofylt leik. Døme på dette er aking og jage-fange-leikar. Bjørgen (2015) viser òg til viktigeita av at dei tilsette legg til rette for og er aktivt deltagande i slike aktivitetar, slik at barna får gode nok utfordringar i forhold til ferdighetene.

### **2.3 Sikkerheit**

Dei siste tiåra har det vore retta eit stort fokus på sikkerheit på leikeplassar, og i 1996 vart det innført forskrift om sikkerheit ved lekeplassutstyr (Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr, 1996). At det har kome slike forskrifter kan vere ein faktor som er med på å redusere risikoen for at barn skadar seg. Breivik (2001) trur at sikkerheitshysteriet er gått for langt. Han seier at «vi må akseptere at barna får utfolde seg. [...] for å lære seg å mestre en krevende omverden, trenger man konkrete utfordringer og mestlingsopplevelser» (Breivik, 2001, s.119). Han meiner at fokuset på sikkerheit har gått for langt, og at det er med på å hindre barna i å drive med risikofylt leik.

Det er lite skadar i norske barnehagar (Sandseter, Sando, Pareliussen & Egset, 2013). Dei fleste skadane som skjer, 97,9% av skadane, er mindre alvorlege og treng ikkje noko vidare oppfølging etter enkel hjelp eller behandling frå personalet i barnehagen eller litt fyrstehjelp frå lege eller tannlege (Sandseter m.fl., 2013). Mykje tyder difor på at det er god sikkerheit i dei norske barnehagane. Det kan vere fleire årsaker til at det er lite skadar, men ein faktor som vert trekt fram er tilsyn frå dei vaksne. At dei vaksne er til stades og observerer når barn leikar, kan vere med på å redusere risikoen for at barn skadar seg (Morrongiello, Corbett, McCourt & Johnston, 2006).

Når ein skal vurdere risikoen for skade, kan ein dele det i subjektiv og objektiv risiko (Breivik, 1998). Den subjektive risikoen handlar om risikoen kvart enkelt individ kjenner på og opplever i ein gitt situasjon (Osnes m.fl., 2015). Barnet si erfaring og kor god kompetanse barnet sjølv trur det har, vil vere med å påverke den subjektive risikoen. Det kan til dømes vere at eit barn med god motorisk kontroll vil klatre høgt opp i eit tre utan å kjenne på at det inneber ein høg risiko for å skade seg, medan eit barn med dårlegare motorisk kompetanse kan kjenne på at det er skummelt å klatre så høgt opp i treet. Den objektive risikoen handlar om den faktiske risikoen som er til stades i ein situasjon, uavhengig av barnet sine ferdigheter og erfaringar, og kan dermed vere veldig ulik den subjektive risikoen (Osnes m.fl., 2015).

I kor stor grad ein opplever risiko kan òg henge saman med korleis ein er som person. Breivik (2001) seier at ein kan vere ein plass mellom lågt eller høgt spenningssøkande. Dei som er høgt spenningssøkande tek større sjansar enn dei som er lågt spenningssøkande. Høgt spenningssøkande ser òg fleire positive sider ved det å leve og ser ikkje på verda som farleg. Ei undersøking ved Dronning Mauds Minne Høgskule viser at tilsette i barnehagar er under middels spenningssøkande (Sandseter, 2007b). Dei som er høgt spenningssøkande opplever dermed den subjektive risikoen som mindre enn dei som er lite spenningssøkande (Breivik, 2001).

## **2.4 Haldningar til risikofylt leik**

Som tidlegare nemnd, har barn behov for å lære seg å meistre risikofylte situasjonar når dei er små for å kunne handtere risikofylte situasjonar som oppstår seinare i livet. For barn som går i barnehagen, er det ikkje berre barna sine eigne vurderingar av kor stor risikoen i leiken er, men òg dei tilsette i barnehagen sine vurderingar av risikoen (Sandseter, 2013). Kva haldningar personalet har til risiko, og kva grenser dei set til barna, vil difor ha betyding for barna sine moglegheiter.

Når barn driv med risikofylt leik, og anna leik i barnehagen, er det stort sett alltid ein vaksen til stades som får med seg kva som skjer i leiken. Dette gjer at det er dei vaksne i barnehagen, og ikkje barna sjølv, som ofte tek avgjerdene knytt til risikofylt leik i barnehagen (Adams, 2001, henta frå Sandseter, 2013). Dette er sjølv sagt med på å auke sikkerheita til barn i barnehagen, men kan òg vere med på å

avgrense barna sine moglegheiter til å drive med risikofylt leik. Personalet vurderer som regel risikoen ut frå sine eigne oppfatningar (Sandseter, 2013), altså personalet sin subjektive risiko og ikkje barnet sin subjektive risiko. Eit døme er at eit barn med god kontroll på klatring vert hindra i å klatre høgare opp i eit tre på bakgrunn av den tilsette sin høgdeskrekke. Då vurderer den tilsette risikoen ut frå sin eigen kompetanse og erfaring, og ikkje på bakgrunn av barnet sin kompetanse (Osnes m.fl., 2015). Ved å handle på denne måten vil ein kunne hindre barnet i å få alle dei godane av å drive med risikofylt leik. Sandseter(2013) peikar på at ein gyllen middelveg mellom mangel på oppsyn og å beskytte i for stor grad, vil vere ein fornuftig måte å handtere det på.

I ein studie på norske barnehagar, gjort av Sandseter (2007b) kjem det fram stort sett positive haldninga hjå dei tilsette i barnehagen, knytt til risikofylt leik. Tilsette i barnehagen er einige om at leik innanfor kategorien risikofylt leik, er den type leik barn likar best å halde på med (Sandseter, 2007b). Samstundes viser studiet at barnehagane ikkje har diskutert seg gjennom felles haldninga til emnet. Kva som er greitt og ikkje, er det den tilsette i den gitte situasjonen som bestemmer.

I ein annan studie gjort av Sandseter (2009), kjem det fram at det stort sett er lagt godt til rette for risikofylt leik, men at dei tilsette gjer nokre avgrensingar. Dette gjeld leik med farleg reiskap og leik som inneber kamp eller slåsting. I den eine barnehagen som vart undersøkt blei det ikkje gjort observasjonar av denne type leik. I den andre vart det observert nokon gonger, men barna gav uttrykk for at dette er leik dei eigentleg ikkje har lov til å leike. Eide-Midtsand (2015) seier at ei årsak til at mange forbyr leik som inneber kamp eller slåsting, er fordi tilsette slit med å skilje kva som er leikeslåsting og kva som er slåsting på alvor. Vidare seier han at mange vaksne er redde for at leikeslåstinga skal utvikle seg til ekte slåsting eller at nokon av dei som er innblanda skal skade seg. Dette til tross for at forsking viser at det oppstår svært lite skadar i denne type leik. Sjølv om det er lagt godt til rette for risikofylt leik, uttrykker barn at dei vaksne ikkje likar å delta (Bjørgen, 2012). Vidare seier barna at dei skulle ønske dei vaksne deltok meir i fysisk leik, då barna synest det er kjekt at dei vaksne er med.

### 3 Metode

Dalland viser til Vilhelm Aubert når han skal skildre omgrepene metode. Aubert (1985, s.196) skildrar metode som «[...] en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme fram til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette føremålet, hører med i arsenalet av metoder». For å få eit best mogleg svar på problemstillinga, må ein tenkje nøye gjennom kva metode som vil vere best eigna å bruke til sitt arbeid. Metoden vert brukt som eit reiskap i undersøkinga ein gjer, og er ein veg mot målet ein har sett seg (Dalland, 2017).

Når ein skal velje metode, kan ein skilje mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Dei kvalitative metodane er retta mot å gå i djupna, og dataet som vert samla inn er i form av ord, setningar og uttrykk (Jacobsen, 2010). Dei kvantitative metodane handlar om å gå i breidda, og kunne gjere om det dataet ein finn til tal (Jacobsen, 2010). Når ein gjer undersøkingar, i form av ein kvantitativ metode, må menneska ofte setje seg sjølv inn i ein skala, slik at det er mogleg å jobbe med resultata statistisk (Jacobsen, 2010).

### **3.1 Intervju**

For å belyse problemstillinga mi har eg valt å bruke kvalitativ metode, i form av intervju. Den kvalitative metoden har som føremål å hente inn informasjon som ikkje er mogleg å talfeste eller måle, som til dømes meininger og opplevelingar knytt til emnet (Dalland, 2017). Jacobsen (2010) skildrar det å samle inn kvalitative data som ein open metode. Dette betyr at informant skal få uttrykke seg så fritt som mogleg, utan at ein som intervjuar gir uttrykk for kva ein ynskjer å få svar på (Jacobsen, 2010). Informanten skal altså få svare med sine eigne ord og uttrykk.

Eg har valt å gjennomføre intervjeta individuelt. Gjennom individuelle intervju treng ikkje informantane å ta omsyn til andre, og kan dermed legge fram meiningsane sine utan å verte påverka av kva andre tenkjer og meiner (Jacobsen, 2010). For å sikre at intervjuet held seg til emna eg ynskjer å ta opp (Jacobsen, 2010), har eg laga ein intervjuguide (vedlegg 2) som eg har nytta i gjennomføringa av intervjeta. Å gjennomføre eit kvalitativt intervju er ressurskrevjande, tek tid, og ein vil kunne få svært mykje informasjon i kvart enkelt intervju (Jacobsen, 2010). Ein bør difor velje få informantar.

### **3.2 Val av informantar**

Krava eg hadde før eg spurte etter informantar, var at dei skulle vere utdanna barnehagelærarar, jobbe på ei avdeling med barn over 3 år, og at eg skulle ha både kvinner og menn som informantar. Eg intervjeta fire personar, tre kvinner og ein mann (informant 2). For å få tak i informantar spurte eg først to styrarar i to forskjellige barnehagar, om det var nokon barnehagelærarar i deira barnehage som ville la seg intervju. Her fekk eg berre éin informant i frå den eine barnehagen. Dette er informant 1, som jobbar i ein privat barnehage. Deretter spurte eg nokre barnehagelærarar personleg. Her var det òg nokon som sa nei før eg fekk eit par barnehagelærarar som sa ja. Dette er informant 2 og 3 som jobbar i ein kommunal barnehage. Informant 4 vart eg anbefalt av nokon andre å spørje. Denne personen jobbar i ein kommunal friluftsbarnehage. Alle dei fire informantane hadde anten fordjuping i natur og friluftsliv eller var ekstra interessert i dette fagområdet. Dette kom fram gjennom intervjeta.

### **3.3 Pilotstudie**

Av praktiske årsaker vart intervjuet gjennomført i november, i samband med praksisperioden min. For å sikre at det eg hadde med i intervjuguiden var relevant og godt nok (Jacobsen, 2010), gjennomførte eg eit pilotstudie på ein medstudent og på ein fagarbeidar som jobba i barnehagen. Dette vart gjort i god tid før intervjuet og før praksisperioden starta. Fekk gode tilbakemeldingar på intervjuet, så eg gjorde difor ikkje noko store endringar. Det eg sjølv kjende på etter pilotstudien, var at eg måtte vere førebudd på å eventuelt stille oppklarande og oppfylgjande spørsmål dersom eg ynskte meir informasjon. Dette var òg grunnen til at eg gjennomførte intervjuet på to personar.

### **3.4 Etiske vurderingar**

Informantane har krav på privatliv, som betyr at ein har ei frisone i livet som ikkje nødvendigvis skal undersøkast (Jacobsen, 2010). Ein skal ikkje utlevere personlege data, og funna eg har gjort vert difor anonymisert. Det er òg krav til riktig presentasjon av data (Jacobsen, 2010). For å gje att datafunna mest mogleg korrekt, valde eg å ta lydopptak av intervjuet. Som ein del av anonymiseringa skal lydopptaka og transkriberinga slettast etter at oppgåva er levert inn og resultatet på oppgåva er motteken. Dette fekk dei informantane òg generell informasjon kring intervjuet som skulle gjennomførast, at det var frivillig å delta og at dei når som helst kunne trekke seg utan at det gav konsekvensar for dei (Jacobsen, 2010).

## **4 Empiri**

I empirien skal eg presentere funna eg har gjort gjennom intervjuet som er relevant for å kunne svare på problemstillinga mi (Dalland, 2017): *Kva kunnskap og haldningar har barnehagelærarar til risikofylt leik, og korleis påverkar dette barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik?* Empirien er delt inn i følgjande kategoriar: omgrepet risikofylt leik, kvifor det er viktig med risikofylt leik, sikkerheit og barnehagelærarar sine haldningar til og påverknad på barn sin risikofylte leik.

### **4.1 Omgrepet risikofylt leik**

Før eg sjølv sa noko om kva risikofylt leik er, spurte eg kva informantane la i omgrepet risikofylt leik. Felles for informant 1, 2 og 3 var at dei nemnde å klatre i tre som døme på risikofylt leik. Informant 1 sa i tillegg at det kunne vere å spikke med kniv, og summerte opp med at risikofylt leik handla om å tøye grenser. Informant 2 sa at det var leik som kunne medføre fare eller opplevast som skummelt for nokon. Dømer var å balansere litt høgt oppe eller leik med stor fart. Informant 3 sa at risikofylt leik kunne vere å spikke med kniv, herjeleik i ein bakke og å skli. Informant 4 knytte risikofylt leik til fysisk aktivitet, spenning, leik som er moro, kjekk og som kan ende med knall og fall.

#### **4.2 Kvifor er risikofylt leik viktig for barna?**

Tre av informantane sa at dei var positive til risikofylt leik, og ser på denne leiken som viktig for barna. Informant 3 svarte derimot at det er litt både og, men så lenge leiken er prega av lyst og glede, synest informant 3 at risikofylt leik er bra.

Gjennom intervjuet kom informantane med fleire grunnar til kvifor det er bra å drive med risikofylt leik. Alle fire informantane drog fram meistring som ein viktig faktor, og nemnde det fleire gonger under intervjuet. Alle nemnde at det er viktig at ein ikkje fysisk skal hjelpe barnet til dømes opp i eit tre, då det er viktig at barnet skal klare det sjølv og gå gradene. Informant 1 sa at barna blir stolte av å meistre noko. Ho uttrykte òg ei bekymring rundt framtida til barna dersom dei ikkje får prøve seg når dei er små. Informant 2 sa at dei lærer å ta gode risikovurderingar og at dei utviklar seg av å drive med risikofylt leik. Han nemnde den proksimale utviklingssona. Både informant 2 og 3 drog fram den sosiale læringa av å drive med leik som inneber kamp eller slåsting; å lære seg leikekodar, kvar grensene går og dei intime sonene. Informant 4 uttrykte i tillegg at risikofylt leik var bra for dei motoriske ferdighetene, både finmotoriske og grovmotoriske ferdigheiter, og kom med døme på dette.

#### **4.3 Sikkerheit**

Under kategorien sikkerheit i barnehagen spurte eg først om dei opplevde at fokuset på sikkerheit påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik. Både informant 1 og 2 uttrykte at sikkerheitsfokuset har gått for langt og at ungane skal sikrast på alle områder.

Vidare snakka vi om skadar dei hadde opplevd i barnehagen, og om dei følte at desse skadane hadde påverka haldningane deira. Her kom informantane med omrent like svar. Brot i armar og bein var det mest alvorlege dei hadde opplevd, i tillegg hadde dei opplevd kutt der informant 3 og 4 hadde erfart at barn måtte sy eit par sting i ein finger. Elles var det skrubbsår og blåmerke dei stort sett opplevde. Anna enn kutt, skrubbsår og blåmerke var det ikkje nokon av dei andre skadane som kunne knytast til risikofylt leik. Alle informantane formidla at skadane som hadde oppstått var uhell og at det ikkje var noko dei kunne ha unngått. Skadane hadde ikkje påverka haldningane deira knytt til aktiviteten der skadane skjedde. Informant 4 sa at dei alltid skrev skademelding og gjekk gjennom rutinar og sjekka sikkerheita dersom det oppstod meir alvorlege skadar.

#### **4.4 Barnehagelærarar sine haldningar til og påverknad på barn sin risikofylte leik**

I intervjuet spurte eg om dei hadde kjennskap til Sandseter sine kategoriar innanfor risikofylt leik. Informant 4 kunne seie noko om kva kategoriar dette var snakk om, medan dei tre andre svarte at dei sikkert hadde hørt om dei, men at dei ikkje kom på kva kategoriar det var. Eg tok så for meg kvar kategori der dei fekk seie kva tankar og haldningar dei hadde til desse kategoriene.

Under kategorien leik i store høgder kom det tilsynelatande fram positive haldningar frå informantane. Informant 2 slit med høgdeskrek og sa at det er litt utfordrande, men let andre ha ansvar om mogleg. Vidare seier han at dersom ungane meistrar å klatre høgt opp i treet så har dei ferdigheiter til å gjere det, og då må ein heller hjelpe dei med å gjere gode risikovurderingar enn å stoppe dei. Informant 3 likar å ha kontroll då ho eventuelt må klatre opp for å hente dei. Den andre kategorien, leik med stor fart, uttrykker alle at dei likar og let barna drive med det innanfor trygge rammer. Det skal ikkje vere eit hus eller anna som barna kan krasje i. Sykling uttrykker informant 1 og 3 litt skepsis til, då det går føre seg der det er mange andre personar barna kan krasje i. Aktivitetar med farleg reiskap legg alle dei fire informantane til rette for, men dei understreka viktigeita av at det skjer under kontrollerte forhold og at det alltid er ein vaksen til stades.

Leik nær farlege element var alle positive til når det gjaldt bål og vatn, men igjen understrekar dei viktigeita av reglar og trygge rammer. Informant 1 seier at ein må vere meir påpasselege nær klipper, men at dei ikkje unngår det. Informant 2 og 3 er meir skeptiske og ville unngått å være nær klipper. I kategorien leik som inneber kamp eller slåsting sa både informant 1, 2 og 3 at dei får holde på med denne type leik til ei viss grad. Informant 3 synest ikkje noko om fekting der ein brukar pinnar eller spadar, men synest bryting og slåsting der ein berre brukar sin eigen kropp er greitt. Informant 1 uttrykte at det kan vere vanskeleg å vite kvar grensa går. Informant 2 og 3 sa at så lenge alle som deltek leikar på like premissar, er det greitt. Informant 2 skilde òg mellom det å slåst med opne og knytte hender, då han forklarte kvar grensa gjekk. Informant 4 sa at dei har hatt eigne leikesoner der barna kunne få drive med denne type leik. I den siste kategorien, leik der barn kan forsvinne eller gå seg vekk, formidla informant 1 at dette ikkje har vore noko problem. Informant 2 og 3 sa at barna fekk lov til å gå inn i skogen og göyme seg bak steinar og busker slik at dei ikkje kunne sjå ein vaksen til ei kvar tid, men at barna då måtte kunne høre den vaksne dersom dei ropte. Informant 4 fortalte at dei ikkje hadde noko fysisk avgrensing på uteområdet då utebarnehagen vart til, og opplevde ikkje noko problem til det.

I intervjuet lurtे eg òg på korleis informantane opplevde haldningane til dei andre tilsette i barnehagen. Informant 1, 2, og 3 uttrykte at personalet på avdelinga deira var nokså like og hadde like tankar kring emnet. Når det kom til personalet i heile barnehagen formidla alle informantane at det var veldig ulike haldningar blant personalet. Informant 1 formidla at nokon synest alt er farleg. Informant 2 seier at barnehagen har fjerna element etter ynskjer frå nokon i personalet, som meinte det var farleg, men som informantane sjølv har vore ueinig i. Informant 4 grunngav dei ulike haldningane med at alle har med seg forskjellig bagasje og har opplevd forskjellige ting. Vidare svarte informant 1, 2, og 3 at dei ikkje hadde diskutert eller teke opp det med felles haldningar kring risikofylt leik som emne på avdelinga eller i barnehagen. Dersom dei var ueinige i noko, tok dei det

opp til diskusjon på avdelinga. Informant 4 sa at dei hadde teke opp emnet til diskusjon og synest det er veldig viktig å ta opp. Dei dreiv med kompetanseheving på området slik at alle skulle få kunnskap om kvifor denne type leik er viktig. I forkant av intervjuet kom det øg fram at dei har fysisk aktivitet som satsingsområde dette året.

Då eg spurte om dei klarte å skilje sin subjektive risiko frå barnet sin subjektive risiko og den objektive risikoen for å skade seg, svarte både informant 2 og 4 etter kvart at dei tek avgjerder på bakgrunn av sine eigne kjensler når det kjem til høgde. Informant 2 sa at han trur dette berre gjeld høgder, og at han innanfor til dømes fart og spenning klarer å vurdere det betre på bakgrunn av ungane sine evner og ferdigheter. Informant 4 sa at ho er litt høgderedd, og at kvar enkelt person må kjenne på kva som er greitt og ikkje. Informant 1 let dei få lov til å gjere mykje. Ho likar sjølv å drive med denne type aktivitet, og let difor barna òg få lov. Dersom ho stoppar nokon, er det fordi ho ikkje kan stå inne for det og forsvare det overfor foreldre eller arbeidsgivar. Informant 3 stoppar leiken dersom den går over til å bli negativ, og tenker spesielt på leik som inneber slåsting eller kamp. Dersom det er snakk om å klatre i tre klatrar ho heller opp i treet ilag med barna i staden for å stoppe dei. Informant 2, 3 og 4 formidlar at dei prøvar så godt dei kan å skilje sine eigne kjensler frå barnet sine evner og ferdigheter, men at det ikkje er sikkert dei klarer det heile tida. Informant 4 føler ho har blitt flinkare med åra, då ho har fått fleire erfaringar på at det går bra.

Vidare spurte eg korleis dei sjølv er som personar, om dei er spenningssøkande eller ikkje. Alle fire informantane svarte at dei ikkje var like spenningssøkande no som då dei var yngre, men at dei framleis får utfordra seg. Informant 2 sa at han får utfordra seg gjennom sine eigne ungar, til dømes i berg-og-dal-bane. Han oppsøker òg fart i forhold til det å stå på ski, men sa at han ikkje er ein person som tek store risikoar. Informant 3 nemnde òg at ho er med ungane sine på ein del, og klatrar til dømes i tre med barna.

Alle fire informantane sa at dei er med på å legge til rette for risikofylt leik. Dei oppsøkjer ofte plassar på tur der barna kan få utfordre seg i denne type leik. Dei går på tur til klatreparken, sjøkanten, klatretre og skogen der det er berg, der dei får vere med å spikke og brenne bål. Informant 2 peikte på at «vi kunne kanskje i enda større grad ha oppsøkt situasjonar der dei som kanskje har litt ekstreme ferdigheter innanfor visse områder faktisk får ei skikkelig utfordring og opplever meistring [...] at dei faktisk må strekke seg litt». Informant 4 sa i tillegg til at dei oppsøkjer risikofylt leik på tur, at det er lagt godt til rette på barnehagen sitt uteområde som gir barna utfordringar. Der legg dei til rette for å ake, stå på ski, klatre, dei har ein hemmeleg plass for dei eldste barna og dei har sagbenk, materiale og spiker som barna kan bruke. Då eg spurte om dei sjølv var med på å setje i gong slike aktivitetar, svarte òg alle informantane ja. Informant 1 kom med døme på at ho ofte var med på å

balansere på eit tre som var velta, der dei kunne ramle ned å slå seg. Informant 2 kom med døme på at han var med på å lage akebakkar til barna slik at dei skulle få stor fart, men sa òg at han ikkje var med på å klatre i tre og liknande. Han la gjerne opp turmål der dei fekk utfordra seg i høgda, men var heller med på å rettleie enn å klatre sjølv. Informant 4 sa at det er viktig å vere eit godt førebilete, med ein vaksen som er deltakande.

## 5 Drøfting

I drøftingsdelen skal eg ta for meg teori og empiri og drøfte dette ut i frå problemstillinga: *Kva kunnskap og haldningar har barnehagelærarar til risikofylt leik, og korleis påverkar dette barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik?* Undersøkinga mi viser at barnehagelærarane har nokså god kunnskap og gode haldningar til risikofylt leik. Funna viser òg at kva kunnskap og haldningar barnehagelærarane har, påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik. I eit kvalitativt intervju er det er få informantar, og dette kan gjere det vanskeleg å generalisere svara ein får (Jacobsen, 2010). Funna eg har gjort er basert på 4 barnehagelærarar i frå tre forskjellige barnehagar, og ein kan difor ikkje sjå på funna som noko fasitsvar, men det viser eit utdrag.

### 5.1 Omgrepet risikofylt leik

Alle uttrykte i varierande grad noko kunnskap om kva som ligg i omgrepet risikofylt leik. Nokon hadde ei generell forklaring, medan andre kom med konkrete døme. Av Sandseter (2007a) sine seks kategoriar innanfor risikofylt leik vart fire av kategoriane nemnd indirekte; leik i høgder, leik med fart, leik med farlege reiskap og leik som innebar kamp eller slåsting. Leik nær farlege element og leik der barna kan forsvinne eller gå seg vekk vart ikkje teke opp. Ut i frå det informantane sa, fekk eg intrykk av at dei, i tillegg til faren for å skade seg, stort sett knytte risikofylt leik til leik der barna var fysisk aktive. Dei to sistnemnde kategoriane treng ikkje å vere like fysisk krevjande, og det kan vere difor desse to kategoriane ikkje vart nemnd. Kategorien leik der barna kan forsvinne eller gå seg vekk hadde dei heller ikkje opplevd noko problem i barnehagen. Sandseter (2007a) formidlar i tillegg at dei vaksne ikkje ser på denne som spesielt risikofylt.

### 5.2 Kvifor er risikofylt leik viktig for barn?

I intervjua, kom det fram fleire grunnar til at det var viktig å drive med risikofylt leik; meistring, risikovurdering, sosial læring, utvikling av fin- og grovmotoriske ferdigheiter og det å lære seg og kjenne sine eigne grenser. I tillegg stilte informant 1 spørsmål ved korleis det kom til å gå med barna i framtida dersom dei ikkje får lov til å prøve når dei er små. Slik eg tolkar det, seier ho at barna kan bli hjelpelause når dei blir vaksne og plutselig må klare seg sjølv. Dette støttar Sandseter (2013) og Breivik (2001), som seier at barna ikkje kjem til å vite korleis dei skal møte utfordringar i framtida dersom dei ikkje får lære korleis dei skal handtere det når dei er små.

Informantane var innom mange av effektane ein har av å drive med risikofylt leik og viste dermed at dei hadde ein del kunnskap om kvifor det er viktig at barn får drive med risikofylt leik. Dersom ein har kunnskap om kvifor det er viktig å drive med risikofylt leik, trur eg det vil vere lettare å tillate og legge til rette for denne type leik. Dersom ein ikkje har kunnskap, kan det vere vanskeleg å forstå kvifor ein bør drive med risikofylt leik, spesielt viss ein sjølv ikkje likar risikofylt leik. Kunnskap kan dermed vere med å påverke haldningane ein har (Bergersen, 2017, s.21). Haldningane påverkar vidare åtferda vår, og dermed korleis vi handlar overfor barna (Tholin, 2015).

Sjølv om informantane kom med mange gode grunnar til kvifor det er bra å drive med risikofylt leik, som òg stemmer overeins med teori, er det vanskeleg å vite kor mykje kunnskap dei sit med. Nokre av svara eg fekk var utfyllande, og viser at dei har forstått den teorien dei tek fram. Andre svar var nokså korte og lite utfyllande, som gjer det vanskeleg for meg å vite om dei har forstått teorien dei tok opp. Då eg spurte kvifor det var viktig med risikofylt leik, nemnde informant 2 til dømes den proksimale utviklingssona utan at han sa noko meir om den. Her burde eg vore flinkare til å få utdjupa svar. Den proksimale sona for utvikling handlar i stor grad om det same som flytsonemodellen. Barn søker utfordringar som er litt over det dei meistrar, men som potensielt er mogleg for dei å meistre (Sandseter, 2018). Dersom han veit kva som ligg i teorien, har han god kunnskap om korleis barn nærma seg risiko, og korleis det fører til meistring.

Det var derimot berre ein av dei fire informantane som nemnde den proksimale utviklingssona, og det var ingen som nemnde flytsonemodellen. Ettersom alle informantane hadde fordjuping eller ei ekstra interesse for natur og friluftsliv såg eg for meg at dette var noko dei skulle nemne i løpet av intervjuet. Informantane var ferdigutdanna mellom 1996 og 2011, og hadde jobba i yrket sidan dei var ferdigutdanna. Sidan det er ei stund sidan dei tok utdanninga, kan det vere at dei har gløymd ein del av teorien, og kanskje spesielt dei teoretiske omgrepa. Ute i arbeidslivet samarbeider barnehagelærarar i tillegg med ufaglærte, og det kan vere at dei må forenkle fagspråket slik at alle skal forstå innhaldet. Barnehagelærarane får dermed ikkje bruke dei faglege orda og dei vert gløymt. På ei anna side, kan det vere at dei har kunnskap om flytsonemodellen, men gløymde å nemne den under intervjuet. Dersom eg hadde spurt om dei visste kva flytsonemodellen var, hadde eg òg fått svar på om dei hadde kunnskap kring denne teorien.

I intervjuet var det ingen som nemnde trivsel som ein eigen grunn til å drive med risikofylt leik. I følgje Bjørgen (2015) har dei barna som får drive med leik som er utfordrande, variert, som gir sjølvstende og som skaper kontakt med andre, høgast trivsel. Ei årsak til dette kan vere at dei ikkje har kunnskap om at risikofylt leik gir høgare trivsel. Alle fire informantane snakkar derimot om

meistring som er ein sentral faktor for trivselen til barn. Som tidlegare nemnd kunne eg fått meir svar dersom eg hadde spurt vidare om dei visste kva meistring kunne føre til.

### 5.3 Sikkerheit

Ei kartlegging av skadar i norske barnehagar viser at det er lite skadar i barnehagane (Sandseter, Sando, Pareliussen & Egset, 2013). Det er òg svært få av skadane som er av ei meir alvorleg grad. Teorien stemmer godt med erfaringane til personane eg intervju. Dei hadde opplevd lite skadar, og det mest alvorlege dei hadde opplevd, var brot i bein eller armar. Eit par av dei hadde opplevd at eit barn hadde kutta seg slik at det måtte sy eit par sting. Elles var det mindre kutt, blåmerke og skrubbsår dei hadde opplevd. Ingen av skadane informantane hadde opplevd, har påverka haldningane deira til risikofylt leik eller anna leik. Informantane uttrykte at skadane har vore reine uhell, og at det dermed ikkje har vore noko grunn til å endre haldningane. På ei side, kan det vere at alvorlegheitsgrada på skadane dei har opplevd, er grunnen til at det ikkje har påverka haldningane. Det kan vere at haldningane til informantane hadde blitt påverka dersom dei hadde opplevd meir alvorlege ulykker, som kunne ført til varig skade på eit barn, eller dersom det hadde stått om liv og død. På ei anna side kan det vere at informantane sit med så mykje kunnskap om risikofylt leik, at haldningane deira ikkje hadde blitt påverka til tross for ei meir alvorleg skade.

At det er lite skadar i barnehagen kan tyde på at det òg er god sikkerheit i barnehagane. Breivik (2001) meiner derimot at sikkerheitsfokuset har gått for langt. Det same meiner informant 1 og 2. Informant 1 uttrykker at det er reglar for alt og at barna «ikkje skal tåle nokon ting lenger, alt skal jo vere så trygt». Informant 2 seier òg at det har gått for langt og grunngir det med at han har opplevd at dei fjerna element i barnehagen etter personalet sine ynskjer. Ved å fjerne eit element som barna har brukt til risikofylt leik, vil ein òg hindre barna i å drive med risikofylt leik, med mindre ein erstattar elementet ein fjernar med noko tilsvarande. Dersom ein sagar ned eit tre, fjernar ein òg ein moglegheit for barna til å klatre.

At god sikkerheit hindrar skadar er positivt. Slik informant 1 og 2 uttrykker det derimot, erfarer dei i tillegg at sikkerheita hindrar barn i å drive med risikofylt leik. Informantane formidlar at det primært er to grunnar med tanke på sikkerheit som hindrar barn i å drive med risikofylt leik; reglar og personalet sine haldningar. I barnehagen er det ei forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr som barnehagane må ta omsyn til (Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr, 1996). Denne forskriften stiller krav til leikeplassutstyret, og er gjeldande for barnehagen dersom barnehagen lagar eller monterer utstyr sjølv, og ved vedlikehald av utstyr. Ut i frå dette trur eg det er ein samanheng mellom alle reglane og haldningane til personalet, at alle reglane kan påverke haldningane til personalet. Det kan til dømes vere at ein fjernar element eller vel å ikkje legge til rette for risikofylt

leik fordi fokuset på sikkerheit er så stort, eller fordi ein er redd for å bryte nokon av sikkerheitsreglane.

#### **5.4 Barnehagelærar sine haldningar til og påverknad på barn sin risikofylte leik**

Informantane uttrykte tilsynelatande positive haldningar til risikofylt leik. Ein av informantane meinte at risikofylt leik var litt både og, men at så lenge leiken var prega av lyst og glede, var ho positiv til denne type leik. I følgje Skram (2016) skal leik vere prega av lyst. Dette betyr at dersom det ikkje er prega av lyst, kallar ein det heller ikkje for leik. Dermed uttrykker òg informant 3 positive haldningar til risikofylt leik, så lenge det er leik og ikkje går over til ein aktivitet som er negativt lada.

Då eg gjekk i djupna på omgrepet risikofylt leik og tok for meg Sandseter (2007a) sine seks kategoriar innanfor risikofylt leik, kom det fram noko ulike haldningar og tankar. Den kategorien som vart mest omdiskutert blant informantane eg intervjeta, var leik som inneber kamp eller slåsting. Informant 1 synest det kan vere vanskeleg å vite kvar grensa går, informant 2 let barna halde på til ei viss grad og skilde slåsting med opne og knytte hender, medan informant 3 gav uttrykk for at ho ofte opplevde at det gjekk over til noko negativt. Ho var heller ikkje så begeistra over leik med pinnar eller spadar.

Eide-Midtsand (2015) støttar opp om grunngivingane til informantane. Han seier at mange forbyr leik som inneber kamp eller slåsting fordi det er vanskeleg å vite kva som er leikeslåsting og kva som er slåsting på alvor. Vaksne er redde for at denne leiken skal utvikle seg til ekte slåsting eller at det skal medføre skadar.

I motsetning til dei andre, uttrykker informant 4 at det vert lagt godt til rette for leik som inneber kamp eller slåsting i barnehagen deira. Ho uttrykker òg at dei gjer få avgrensingar til denne type leik. Ei årsak til desse haldningane kan vere at denne informanten jobbar i ein friluftsbarnehage. I ein friluftsbarnehage er det naturleg at personalet har meir kunnskap og interesse kring natur og friluftsliv, er meir ute i naturen og følgjeleg har meir fokus på risikofylt leik (Lysklett, 2013).

Barnehagen har i tillegg fysisk aktivitet som satsingsområde i barnehagen. Eit ekstra fokus på fysisk aktivitet i barnehagen kan påverke korleis dei legg til rette for risikofylt leik. I intervjuet kjem det fram at dei har drive med kompetanseheving på området, slik at dei tilsette skal få meir kunnskap kring risikofylt leik og kvifor dette er viktig å drive med. Dette påverkar haldningane til personalet (Gotvassli, 2013).

Sandseter (2007b) har i ein studie funne ut at det stort sette er positive haldningar til risikofylt leik. Gjennom intervjeta uttrykte informantane at det var nokså ulike haldningar knytt til risikofylt leik hjå resten personalet i barnehagen dei jobba i. Nokre ser på risikofylt leik som farleg og hindrar barn i å drive med denne type leik. Eit døme var at nokon i personalet hadde fått leiinga til å fjerne eit tre som var ideelt å klatre i, fordi barna kunne ramle ned å slå seg. På same tid uttrykte informantane at

haldningane blant personalet på deira eiga avdeling var bra og at dei var positive til denne type leik. Ut i frå informasjonen eg fekk av mine informantar, står mine funn i kontrast til Sandseter (2007b) sine. Eit par av informantane meinte at det var fleire i barnehagen som var negative til risikofylt leik. Det virka som at dette påverka barnehagen i nokså stor grad. Eg veit likevel ikkje kor mange det var snakk om som hadde negative haldningar til risikofylt leik i barnehagane deira, og har heller ikkje snakka med dei det eventuelt gjeld. Det vil difor vere vanskeleg å konkludere med noko kring haldningane til andre enn dei eg intervjuia i barnehagen. Ut frå engasjementet til informantane, trur eg likevel at det er mange forskjellige haldningar til emnet i barnehagane, og at dei er ueinige om kva som er rett og gale i forhold til risikofylt leik.

Tre av dei fire informantane fortalte at dei ikkje har noko felles haldningar til risikofylt leik i barnehagen, og at dette ikkje er noko dei har teke opp på møter eller diskutert. Det same viser ein studie Sandseter (2007b) har gjennomført; barnehagane har ikkje diskutert seg gjennom felles haldningar kring kva som er greitt og ikkje. Sandseter sin studie viser at det er personen som er i den gitte situasjonen som bestemmer. Informantane sa at dei er nokså like på avdelinga, og at dei kan ta opp situasjonar etterkvart som dei oppstår dersom ein er ueinig kring handteringa av situasjonen. Informant 4 sa derimot at dei har teke opp emnet til diskusjon. Dei hadde ikkje utarbeida felles haldningar, men ho poengterte at det var viktig å ta det opp slik at alle kunne få ei betre forståing. Hjå dei er det greitt at ein har ulike meininger om kvar grensa går. Eit døme på dette er då informanten sa at ho kunne seie til ein unge at den ikkje fekk klatre høgare opp i eit tre med ho, men at ungen kunne få klatre høgare opp med ein anna tilsett i barnehagen.

Adams (Adams, 2001, henta frå Sandseter, 2013, s.188) seier at det som regel er dei vaksne i barnehagen som tek avgjerder knytt til risikofylt leik. I undersøkinga spurte eg informantane om dei tok desse avgjerdene på bakgrunn av si eiga subjektive risikovurdering, eller om dei såg på barnet sin subjektive risiko og den objektive risikoen for at barnet skulle skade seg. I tillegg spurte eg om dei sjølv er spenningssøkande eller ikkje som personar. Eg fekk ikkje nokon store skilnader i svara frå informantane, men der var likevel nokon skilnader som kunne tyde på at det er ein samanheng mellom risikovurdering og personlegdom. Informant 1 var den einaste som sa at ho let ungane få lov til det meste, og at dersom ho stoppa dei, var det på grunn av administrasjonen og foreldre, og ikkje hennar eigne kjensler. Informant 1 brenn for risikofylt leik, og sa «vi må jo ha litt action her» og «vi må jo ha litt spenning i kvardagen, vi kan ikkje vere sånn kjedelege». Informant 2 formidla at han sjølv ikkje er ein som oppsøker risiko og spenning. Samstundes sa han at han gjerne kunne oppsøke fart ved å stå på ski. Informant 3 uttrykte at ho var veldig glad i å klatre i tre. Ut frå svara dei gav, kan det vere ein samanheng knytt til personlegdom og vurdering av risikoen til barna. Slik eg tolkar det, er informant 1 noko meir spenningssøkande enn dei andre informantane. Dette kan sjåast i

samanheng med at ho sjølv er ein person som likar å oppsøke spenning. Eg opplever ikkje dei andre informantane som lite spenningssøkande, men kanskje i mindre grad enn informant 1.

Når det kjem til tilrettelegging for risikofylt leik, uttrykker alle at det er noko dei gjer. Informant 1, 2 og 3 formidlar at dei er gode på å legge til rette for risikofylt leik på tur, medan informant 4 seier at dei legg godt til rette for risikofylt leik både i barnehagen og på tur. Informant 2 reflekterer over at dei kanskje kunne vore enda flinkare å legge til rette for dei som har svært gode ferdigheiter på enkelte områder, slik at dei òg får utfordra seg skikkeleg. Sandseter (2009) sin studie viser òg at det er lagt godt til rette for risikofylt leik i barnehagar. Studien viser i tillegg at tilsette gjer nokre avgrensingar knytt til leik med farleg reiskap og leik som inneber kamp eller slåsting. Informantane seier ikkje noko direkte om at dei gjer avgrensingar knytt til denne leiken. Det som er interessant, er at då eg spurte om dei sjølv var med på å setje i gong risikofylt leik, var leik som inneber kamp eller slåsting den einaste av dei seks kategoriane til Sandseter (2007a) dei ikkje kom med døme på at dei la til rette for. Informant 4 formidla tidlegare i intervjuet at dei hadde lagt til rette for leik som inneber kamp eller slåsting, men ingen av dei andre. Det kan vere tilfeldig at denne kategorien ikkje vart nemnd, men dersom ein ser på haldningane til informantane, kan det vere at dei tre andre informantane ikkje er så flinke å legge til rette for leik som inneber kamp eller slåsting. Når det kjem til leik med farlege reiskap viser mine funn at dette er noko dei legg til rette for, så lenge det er innanfor trygge rammer. Informantane har fordjuping eller er spesielt interessert i natur og friluftsliv. Dette kan gjere at leik med farlege reiskap er ei sjølvfølge for mine informantar. Interessen for friluftsliv har òg hatt ei enorm auke dei siste åra, og det har vore eit mål å få friluftsliv inn som ein del av kvardagen i barnehagane (Lysklett, 2013). Sidan studien til Sandseter vart gjort, kan det vere at interessa kring natur og friluftsliv har auka ytterlegare, slik at det å la barna bruke farlege reiskap er ein meir naturleg del av barnehagekvarden.

Bjørgen (2015) seier at det er viktig at tilsette i barnehagar legg til rette for og deltek i risikofylt leik, slik at barna får gode nok utfordringar i forhold til ferdigheiter. I ein studie gjort av Bjørgen (2012) uttrykker barn at dei vaksne ikkje likar å vere med på den kroppslege leiken, men at dei skulle ynskje at dei vaksne var med då dei synest det er kjekt. I intervjuet eg gjorde, svarte alle informantane at dei er med på å setje i gong risikofylt leik og kom med døme på dette. Svara eg fekk, gir berre svar på om dei er med på å setje i gong risikofylt leik. Dei seier ingenting om kor ofte eller om dei deltek vidare i leiken etter at dei har sett den i gong. Her burde eg som intervjuar stilt fleire og meir utdjupande spørsmål. Det kunne òg vore interessant og spurt kva barna tenker om dette.

## **6 Avslutning**

Føremålet med oppgåva var å finne ut kva kunnskap og haldningar barnehagelærarar har til risikofylt leik. Vidare ville eg finne ut korleis dette påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik.

I denne oppgåva kjem det fram at barnehagelærarane har nokså god kunnskap om risikofylt leik og kvifor det er viktig at barn får drive med denne leiken. Dei brukar ikkje så mange teoretisk omgrep, men viser kunnskap rundt emnet likevel. Generelt er informantane positive til risikofylt leik, men uttrykkjer noko ulike haldningar til ulike kategoriar innanfor risikofylt leik. Vidare viser funna mine at kunnskapen og haldningane til dei vaksne påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik. Ved å ha kunnskap om kvifor det er viktig med risikofylt leik og vere positive til denne type leik, vil dei tilsette i barnehagen òg legge til rette for og la barn drive med risikofylt leik. Undersøkinga viser at kategoriane som barnehagelærarane er skeptiske til, heller ikkje vert lagt like godt til rette for barna i barnehagen. Nokre har eigne redslar som òg kan hindre barn i å få utfordre seg innanfor denne kategorien. Mine funn viser at barnehagelærarane med eigne redslar likevel er positive til at barna skal få drive med denne leiken, men let heller andre vaksne ta ansvar dersom det er mogleg.

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg tileigna meg meir kunnskap om risikofylt leik som eg ynskjer å ta med meg når eg sjølv skal ut i arbeid. Det viktigaste vil vere å formidle kvifor det er viktig at barn får drive med risikofylt leik. Ved at personalet har kunnskap om dette, vil dei truleg forstå viktigheita av denne leiken, og dermed legge til rette for og la barna drive med risikofylt leik.

## 7 Referanseliste/Litteraturliste

- Aubert, V. (1985). *Det skjulte samfunn* (B. Alstad, overs.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergersen, A. (2017). *Global forståelse: Barnehagelæreren som kulturell brobygger*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bjørgen, K. (2012). Fysisk lek i barnehagens eterom: 5-åringers erfaring med kroppslig fysisk lek i barnehagens eterom. *Tidsskrift for Nordisk barnehageforskning*, 5(1), 1-15.  
<https://doi.org/10.7577/nbf.418>
- Bjørgen, K. (2015) Children's Well-being and Involvement in Physically Active Outdoors Play in a Norwegian Kindergarten: Playful Sharing of Physical Experiences. *Child Care in Practice*, 21(4), 305-323. <http://dx.doi.org/10.1080/13575279.2015.1051512>
- Breivik, G. (1998). *Skrifter I Utvalg: B. 11: Den Søte Lukt Av Fare: Essay Om Risiko*. (Vol. B. 11). Oslo: Norges Idrettshøgskole, Institutt for Samfunnssfag.
- Breivik, G. (2001). *Sug i magen og livskvalitet*. Oslo: Tiden.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6.utg) Oslo: Gyldendal akademisk
- Eide-Midtsand, N. (2015). *Boltrelek og lekeslåssing: Større rom i barnehagen og småskolen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr (1996) Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr (FOR 1996-07-19-703). Henta fra <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-19-703>
- Gotvassli, K. (2013). *Boka om ledelse i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Helsedirektoratet. (2019, 29.april). Fysisk aktivitet for barn, unge, voksne, eldre og gravide. Henta fra <https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/fysisk-aktivitet-for-barn-unge-voksne-eldre-og-gravide>
- Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kleppe, R., Melhuish, E., & Sandseter, E. (2017). Identifying and characterizing risky play in the age one-to-three years. *European Early Childhood Education Research Journal*, 25(3), 370-385.  
<https://doi.org/10.1080/1350293X.2017.1308163>
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver*. Utdanningsdirektoratet. Oslo: PEDLEX.

- Lysklett, O.B. (2013). *Ute hele uka: Natur- og friluftsbarnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Morrongiello, B., Corbett, M., McCourt, M., & Johnston, N. (2006). Understanding Unintentional Injury Risk in Young Children II. The Contribution of Caregiver Supervision, Child Attributes, and Parent Attributes. *Journal of Pediatric Psychology*, 31(6), 540-551  
<https://doi.org/10.1093/jpepsy/jsj073>
- Olofsson, B. (1993). *Lek for livet: Observasjoner og forskning om barns lek* (A. Høvik, overs.). Saltrød: Forsythia.
- Osnes, H., Skaug, H., & Kaarby, K. (2015). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandseter, E. B. H (2007a) Categorising Risky Play-how Can We Identify Risk-taking in Children's Play?. *European Early Childhood Education Research Journal* 15(2), 237-252.  
<https://doi.org/10.1080/13502930701321733>
- Sandseter, E. B. H. (2007b). Barns risikofylte lek i barnehagen - en pilotstudie. I Guldal, T. Karlsen, G. Løkken, G. Rønning, F. & Steen-Olsen, T. (red.), *FoU i praksis 2006: Rapport fra konferanse om praksisrettet FoU i lærerutdanning: Trondheim, 24. og 25. april 2006* (s.237-251). Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Sandseter, E. B. H. (2009). Affordances for risky play in preschool: The importance of features in the play environment. *Early Childhood Education Journal*, 36(5), 439-446.  
<http://dx.doi.org/10.1007/s10643-009-0307-2>
- Sandseter, E. B. H (2013). «Når det kile i magen, må æ bare flir og hyl!»: Betydningen av barns risikofylte lek. I Kvello, Ø (red.), *Barnas barnehage: 2: Barn i utvikling* (2. utg., s.178-194). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Sandseter, E. B. H (2018) Det opplevelses- og spenningssøkende barnet. I Sandseter, E., Hagen, T., & Moser, T. (red.), *Kroppslighet i barnehagen: Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse* (3. utg., s.54-66). Oslo: Gyldendal.
- Sandseter, E. B. H., Sando, O. J., Pareliusson, I. P. & Egset, C. K. (2013) *Kartlegging av hendelser og ulykker som medfører skade på barn i barnehagen*. Trondheim: Dronning Mauds Minne Høgskole for Barnehagelærerutdanning (DMMH). Henta frå  
<https://open.dmmh.no/dmmh-xmlui/handle/11250/2427379>

Skram, D. (2016). *Barns utvikling, leik og læring: Pedagogisk arbeid i barnehage og skule* (3.utg.). Oslo: Samlaget.

Sosial- og helsedepartementet. (2002). *Fysisk aktivitet og helse: Anbefalinger: Kortversjon*. Oslo: Sosial- og helsedirektoratet.

Stephenson, A. (2003) "Physical Risk-taking: Dangerous or Endangered?" *Early Years* 23(1), 35-43. <https://doi.org/10.1080/0957514032000045573>

Tholin, K. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere*. Bergen: Fagbokforlaget.

## Vedlegg

### Vedlegg 1: Informasjonsskriv



#### Førrespurnad om intervju

Eg heiter Aina Sofie Bakke og studerer 3.året på barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Eg held no på å skrive ein bachelor om vaksne sine haldningar til risikofylt leik, og korleis dette kan påverke barn sine moglegheiter til å drive med risikofylt leik. Eg ynskjer difor å intervjuje barnehagelærarar for å få meir kunnskap og ei betre forståing knytt til dette temaet.

Dette er eit enkeltintervju og vil gå føre seg på tomannshand. Under gjennomføringa av intervjuet ynskjer eg å bruke lydopptak. Dette opptaket vil bli sletta så snart intervjuet er transkribert. Transkriberinga vil bli sletta etter sensurfristen, eventuelt etter klagefristen (dersom det vert aktuelt) på innlevert bachelor.

- Intervjuet vil bli anonymisert i bacheloroppgåva
- Eg som intervjuar har teieplikt
- Intervjuet kan ta opp til 1 time

#### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å gi nokon grunn. Alle opplysninga vi har fått frå deg vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje ynskjer å delta eller seinare vel å trekke deg.

Dersom du har ytterlegare spørsmål, kan du ta kontakt med min rettleiar:

Kjersti Johannessen

e-post: [kjersti.johannessen@hvl.no](mailto:kjersti.johannessen@hvl.no)

tlf: 95967756

## Vedlegg 2: Intervjuguide

1. Alder?
2. Kor lenge har du jobba i barnehagen, og har du erfaring frå forskjellige barnehagar?
3. Kor lenge kar du jobba som barnehagelærar, og kva år var du ferdigutdanna som barnehagelærar?
4. Er det noko fagleg retning innanfor barnehagefeltet du interesserer deg ekstra for eller som du har fordjupa deg i?
5. Kva legg du i omgrepet risikofylt leik?
6. Korleis opplever du risikofylt leik i barnehagen? innanfor barnehagen sitt område og utanfor barnehagen (på tur for eksempel)
7. Har du kjennskap til Sandseter sine kategoriar innanfor risikofylt leik? Kva tenkjer du om leik innanfor desse kategoriene? (kanskje kome med eksempel på korleis dei legg til rette for desse kategoriene)
  - I store høgder
  - Med høg fart
  - Med farlege reiskap
  - Nær farlege element (vatn, stup, bål)
  - Som inneber kamp eller slåssing
  - Der ein kan forsvinne eller gå seg vekk
8. Ser du på risikofylt leik som noko positivt eller negativt? Kvifor?  
Korleis erfarer du at barna responderer på denne type leik?
9. Korleis legg de til rette for at barna får drive med risikofylt leik? (kome med døme)  
Er du sjølv med på å setje i gong risikofylt leik?
10. Stoppar du nokon gong barn i å drive med risikofylt leik i barnehagen? Kva er eventuelt grunnen til dette? Korleis gjer du desse vurderingane?
11. Opplever du at du behandler barna forskjellig ut frå kjønn når det kjem til risikofylt leik?

12. Korleis er du sjølv som person med tanke på risikofylt leik? (spenningssøkande eller ikkje?)

Har du drive mykje med risikofylt leik sjølv som barn og driv du med risikofylte aktivitetar den dag i dag?

13. Korleis påverkar dine eigne erfaringar, ferdigheiter og kompetanse med risikofylt leik barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik i barnehagen?

Har du hørt om ulike typar risiko? (Subjektiv og objektiv risiko)

Klarer du å skilje mellom di subjektive risikovurdering frå barnet sin subjektive risiko for å skade seg?

14. Korleis opplever du haldningane til risikofylt leik hjå andre i personalgruppa i barnehagen?

15. Har dokke felles haldningar rundt dette temaet på avdelinga eller i barnehagen? Utdjup

Har de reglar knytt til ulike apparat/utstyr i barnehagen?

16. Har foreldra medverknad på kva som er akseptabelt og ikkje av risikofylt leik i barnehagen?

Korleis?

17. Korleis føler du at fokuset på sikkerheit i barnehagen påverkar barn si moglegheit til å drive med risikofylt leik?

18. Kva skadar, ulykker eller uhell har de opplevd i barnehagen (om de har opplevd noko)? Kva alvorlegheitsgrad?

Er dette noko som kan ha påverka dine haldningar?

19. Er det noko anna du har på hjartet knytt til risikofylt leik og vaksne sine haldningar?